



Bygdetunet Rød ligg fint til. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bygdetunet Rød i Uskedalen har denne månaden eksistert i 25 år. I årsrapporten for i fjor vart det opplyst at beøkstalet dei siste åra har vore på rundt 1.000 gjester.

I år skal Godtfred Bakke gjera ymse førefallande arbeid, mellom anna medd sjøbua og kverna. Det manglar skjørt på kaien og torv på utedotaket.



Bøkkerverkstaden var ein verdifull tilvekst. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No laurdag vil det tradisjonelle Bøkkervelden bli avvikla medan museumsdagen i år blir 23. august. Dei tradisjonelle innslaga friluftsgudsteneste og styltmeisterskap kjem sjølvsagt att. Ellers blir det dramatisering av Jens Tvedts 'Madli under Apalen ved Johanne Ø. Tvedten og Maria Malmsten og ein utstilling av flyfoto teke av fjellanger/Widerøe. Grunnsteinen til bygdetunet vart eigentleg lagt i januar 1969 då Sigurd og Margreta Dønhaug vederlagsfritt overdrog ei samling antikke og kulturhistoriske ting til kommunen. Men det var i juni 1984 ordførar Sigurd Arnesen opna bygdetunet. Omlag 400 gjesta det, dei fleste på opningsdagen. Tunet var ope berre på tinging og dei mangla skilt.

I rapporten for 1990 heitte det at interessa var aukande og at dei hadde teke til med faste opningstider - men berre laurdagar og sundagar no fyrste året. Jørn Øyrehagen Sunde var den fyrste faste omvisaren og besøkstalet auka frå 500 til 1.000. Dette året vart kvernhusprosjektet avslutta - kverna var ei gåve frå fire grunneigarar på Døsmland.

I 1995 var den store hendinga opninga av Bøkkerverkstaden. Grunneigar Hallvard Rød stod for opninga og kommunen fekk mykje ros for restaureringa. Den første kystkulturkvelden i Bøkkerverkstaden vart halden året etter. Opp gjennom 1990-talet var den nedgang i besøkstalet og 2000 var det siste året dei hadde fast omvisar i sommarmånadene.

Etter kommunevalet hausten 2003 vart dei tre kommunale musea omorganisert med kvar sine arbeidsutval og eitt felles styre.

Av Ola Matti Mathisen